

## Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.05.2017

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

1. «Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, opplevingskvaliteten i eit svært viktig regionalt friluftsområde, biologisk mangfald og uvisse knytt til konsekvensar for gyteområde og bestanden av aure og ål, rår Hordaland fylkeskommune frå løyve til Solheimsdalen kraftverk.
2. Om NVE gjev løyve til utbygging, stiller Hordaland fylkeskommune krav om slike avbøtande tiltak:
  - Det må ikkje lagast unødige skjeringar eller fyllingar i terrenget som vil få skjemmande verknad på kulturmiljøet. Det må vera ein plan for revegetering (tilsåing) i etterkant av byggjeprosessen.
  - Opparbeiding av ny veg må utførast skånsamt i terrenget og ikkje koma i konflikt med kulturminne i landskapet. Ny veg bør unngå å koma i konflikt med den gamle bygdevegen. Det bør ikkje gravast ut massar frå kulturmarka, og det bør leggest stadeigen jord i vegskulder.
3. Sidan planlagd kraftstasjon vert liggjande i eit heilskapleg kulturmiljø, ber Hordaland fylkeskommune i tilfelle utbygging om at det vert sikra god terrengtilpassing og at farge og materialbruk på bygning ikkje verkar skjemmande på kulturmiljøet.
4. Hordaland fylkeskommune gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom det i samband med arbeid i marka kjem fram funn, svarte trekolhaldige jordlag eller konstruksjonar som kan vera automatisk freda, må ein straks melda frå til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil bli utført mindre enn tre dagar etter at fylkeskommunen har fått melding om funn.»

### Røysting

Oen sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (H, Frp, V, Sp) for innstillinga.

### Vedtak

1. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, opplevingskvaliteten i eit svært viktig regionalt friluftsområde, biologisk mangfald og uvisse knytt til konsekvensar for gyteområde og bestanden av aure og ål, rår Hordaland fylkeskommune frå løyve til Solheimsdalen kraftverk.
2. Om NVE gjev løyve til utbygging, stiller Hordaland fylkeskommune krav om slike avbøtande tiltak:
  - Det må ikkje lagast unødige skjeringar eller fyllingar i terrenget som vil få skjemmande verknad på kulturmiljøet. Det må vera ein plan for revegetering (tilsåing) i etterkant av byggjeprosessen.
  - Opparbeiding av ny veg må utførast skånsamt i terrenget og ikkje koma i konflikt med kulturminne i landskapet. Ny veg bør unngå å koma i konflikt med den gamle bygdevegen. Det bør ikkje gravast ut massar frå kulturmarka, og det bør leggest stadeigen jord i vegskulder.
3. Sidan planlagd kraftstasjon vert liggjande i eit heilskapleg kulturmiljø, ber Hordaland fylkeskommune i tilfelle utbygging om at det vert sikra god terrengtilpassing og at farge og materialbruk på bygning ikkje verkar skjemmande på kulturmiljøet.
4. Hordaland fylkeskommune gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom det

i samband med arbeid i marka kjem fram funn, svarte trekolhaldige jordlag eller konstruksjonar som kan vera automatisk freda, må ein straks melda frå til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at fylkeskommunen har fått melding om funn.